




Planprogram - Områdereguleringsplan for Skardsdalen

Flå kommune





INNHOLD

INNHOLD	2
1 INNLEIING	3
1.1. BAKGRUNN.....	3
1.2. FORMÅL MED PLANARBEIDET.....	3
1.3. ORGANISERING AV PLANARBEIDET.....	4
1.4. HENSIKT MED PLANPROGRAMMET	4
1.5. KRAV OM KONSEKVENSTGREIING (KU).....	5
2 PLANPROSESS OG SAMARBEID	5
2.1. VARSEL OM OPPSTART OG HØYRING AV PLANPROGRAM	5
2.2. SAMARBEID OG MEDVERKNAD	5
2.3. FRAMDRIFTSPLAN.....	6
3 KORT PRESENTASJON AV OMRÅDE OG OMGIVNADENE	7
3.1. PLASSERING	7
3.2. OMTALE AV PLANOMRÅDE	8
3.3. OMTALE AV OMGJEVNADENE.....	10
4 PLANAR, PREMISSER OG ANDRE FØRINGAR FOR OMRÅDET	11
4.1. OVERORDNA PLANER OG FØRINGAR	11
4.1.1 <i>Berekraftsmåla</i>	11
4.1.2 <i>Nasjonale og regionale føringar</i>	11
4.2. KOMMUNALE FØRINGAR	11
4.2.1 <i>Kommuneplanens samfunnsdel</i>	11
4.2.1 <i>Kommuneplanens arealdel</i>	12
4.3. FORHOLD TIL GJELDANDE OG TILGRENSANDE REGULERINGSPLAN	12
5 METODE KONSEKVENSTGREIING (KU)	13
5.1. METODE FOR KONSEKVENSTGREIING (KU).....	13
6 VURDERINGS- OG AVGJERINGSRELEVANTE TEMA FOR PLANOMTALE OG KONSEKVENSTGREIING	14
6.1. KU-TEMA.....	14
6.2. ANDRE TEMA I PLANOMTALA.....	15
7 ROS-ANALYSE	17
7.1. METODE FOR RISIKO- OG SÅRBARHEITSANALYSE (ROS)	17
8 VEDLEGG	17



..

1 INNLEIING

1.1. Bakgrunn


Skardsdalen er eit av dei større områda for fritidsbusetnad i Flå kommune, og det har vore fritidsbusetnad i området i lange tider.

Mykje av dagens utbyggingsområde i Skardsdalen vart lagt i reguleringsplan for Skardsdalen frå 1990 og omfattar område til skaktivitetar, turistbedrift og fritidsbusetnad. Ved sist revidering av kommuneplanen arealdel vart dåverande reguleringsplan oppheva og arealbruken lagt inn i kommuneplanens arealdel.

Eigar av gnr. 9/3 har tidlegare jobba med regulering av delar av eigedomen, etter overdraging til ny eigar er det ynskje om å sjå på heile eigedomen på ny.

Det er i kommuneplanens arealdel sett av ganske store område til fritidsbusetnad i Skardsdalen som pr i dag ikkje er utbygd eller har reguleringsplan. Ved vidare utvikling av område for fritidsbusetnad i Skardsdalen er det frå Flå kommune sin side ynskje med ei heilheitleg planlegging.

1.2. Formål med planarbeidet



Bilete er sett frå Turufjell i sørvest mot Skardsdalen i nordaust og syns Damtjernhallin i senter med Sørbølfjell i bakgrunn.

Gjeldande samfunnssdel for Flå kommune vart vedteke i kommunestyre mot slutten av 2022. Plana sett mellom anna opp arealstrategien for kommunen i komande planperiode. Arealstrategien for fritidsbusetnad seier at fritidsbygg skal koma innanfor allereie godkjente planer og at kommunen vil vidareføre satsinga på konsentrert utbygging i områda Høgevarde, Skardsdalen og Turufjell. Eventuell fritidsbusetnad ut over dette skal vere som naturleg fortetting og / eller i tilknyting til etablerte område der ein kan nytte eksisterande infrastruktur.

..



..

Gjennom komande planprosess ynskjer ein i samarbeid med andre grunneigarar og kommunen og å sjå på arealbruken innanfor område gjennom dagens brillar. Ein vil derfor gjennomføre ein full gjennomgang av område og gjere ei ny samla vurdering av arealbruken.

Fredensborg fritid Flå som ein av dei største grunneigarane ynskjer å kunne knyte Skardsdalen tettare mot Flå sentrum og Turufjell gjennom teknisk infrastruktur som vegar, vatn og avlaup og gjennom aktivitetsinfrastruktur som langrennsløyper, sykkel og alpin. Ved å knyte områda sammen ser ein at dei kan utfylle kvarandre som eit større familieorientert område for aktivitet og glede på fritida.

Innhenting av ny kunnskap t.d rundt naturmangfold og naturfarer vil vere med å danne grunnlaget for den nye arealbruken på staden i sameksistens med det som alt er etablert. Det er ein tidlege tanke om å regulere inn aktivitetsinfrastruktur som skibakkar og langrenns- og turløyper, nye tomter til fritidsbustader, avsette område til framtidig planlegging til fritidsbustader, sette av område til lettare konsentrert utbygging med fleire eininger i same bygningskropp.

Skardsdalen ligg tett på dei sentrale områda på austlandet, ein reknar at store delar av dei som vil etablere seg innan området vil nå staden i løpet av 1- 1,5 timer med dagens framkomstmiddel.



Bilete frå Olaseterskardvegen med sikt sør aust ut Skardsdalen

1.3. Organisering av planarbeidet

Planarbeidet er organisert som eit samarbeid mellom Flå kommune og Fredensborg fritid Flå AS.

I kommunestylesak 46/2023 den 11.05.2023 er det vedtatt å inngå avtale mellom Flå kommune og Fredensborg fritid Flå AS om utarbeiding av områdeplan. Avtala sett opp ansvarsfordeling mellom partane i planprosessen. Flå kommune styrer planprosessen som skal følge plan- og bygningslova sine føreskrift. Det skal være en styringsgruppe for planarbeidet som består av representantar for Fredensborg fritid Flå og Flå kommune. Fredensborgfritid Flå AS kostar utarbeiding av planmateriale og annan konsulentbistand.

Arkitekthagen AS er engasjert til å bistå Fredensborg fritid Flå AS i planprosessen. For dei tema der eigne fagnotat eller rapport skal utarbeidast blir det henta inn bistand fra firma med rett kompetanse.

1.4. Hensikt med planprogrammet

Plan- og bygningsloven (pbl) § 4-1 set krav til utarbeiding av planprogram for reguleringsplanar som kan få vesentlege verknad for miljø og samfunn. Planprogrammet skal handsamast etter PBL §12-9 og er grunnlaget for planarbeidet, ei form for oppskrift for kva som skal gjerast i planarbeidet.

Planprogrammet vil gjøre greie for:

- Formålet med planarbeidet
- Planprosessen med fristar og deltakar

..



..:_____:.

- Opplegg for medverknad, spesielt i høve til grupper som ein meiner å bli særleg råka.
- Kva alternativ som vil bli vurdert og behovet for utgreiingar (tronget for utgreiingar skal tilpassast tiltakets omfang og utstrekning)

1.5. Krav om konsekvensutgreiing (KU)

Reguleringsplanar og tiltak som kan få vesentlege verknad for miljø og samfunn skal konsekvensutgreia, jf. pbl § 4-2 og Forskrift om konsekvensutredning (KU-forskriften) §§ 6 og 8.

For områdereguleringsplanar er det krav om planprogram og konsekvensutgreiing, jf. KU- forskriften § 6 bokstav a. Det vil blir utarbeidd konsekvensutgreiing til områdereguleringsplanen som ein del av planomtala.

2 PLANPROSESS OG SAMARBEID

Planprosessen blir gjennomført i samsvar med plan- og bygningsloven (pbl) kap. 5 og 12. Nedanfor blir det gjort greie for medverkingsprosessen og planlagt framdrift.

2.1. Varsel om oppstart og høyring av planprogram

Varsel om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram blir sendt til råka grunneigarar, naboar/gjenbuarar, offentlege høyringsinstansar og lag/organisasjonar/andre.

Varselet vert øg kunngjort på kommunua si heimeside (www.flaa.kommune.no) og i lokalavisa Hallingdølen. Varslingsperioda for planen og høyringsperioda for planprogrammet er minst 6 veker.

2.2. Samarbeid og medverknad

Planarbeidet vil følgje plan- og bygningslovas krav til medverknad der det ved to høve formelt blir henta inn innspeil og merknader:

1. Varsel om oppstart og høyring av forslag til planprogram: Det er mogleg å kome med innspeil til planarbeidet i varslingsperioden - både til reguleringsplanarbeidet og til foreslått utgreiingstema og prosessar i planprogrammet. Høyringsfristen er 6 veker. Merknader blir vurdert og tatt med i saken før planprogrammet blir fastsett i kommunestyret.
2. Høyring og offentleg ettersyn av planframlegget: Når planframlegget er klart vert det handsama politisk. Gjer planmynde vedtak om at framlegget skal leggast ut til offentleg ettersyn blir planmaterialet send ut til partar, naboar, offentlege mynde. Det blir i tillegg annonser i lokalavis og på kommunua si heimeside. Frist for innspeil er 6 veker.

Ein søker øg samarbeid og medverknad frå interessaantar, næringsaktørar, råka grunneigarar og naboar, fagmynde og andre fagkunnige ved behov.

Under vegs i planprosessen vurderer ein å halde informasjonsmøte, idedugnad og liknande.

..:_____:.



..

2.3. Framdriftsplan

Planfase	Hending	Tidsrom
Oppstartsfase	Oppstartsmøte	Vår 2023
	Utarbeiding av planprogram	Vår 2023
	Politisk handsaming av planprogram	Sommar 2023
	Varsel om oppstart av planarbeid, og høyring og offentleg ettersyn av planprogram	Sommar 2023
	Merknadspериode med vurdering av merknader til planprogrammet og utarbeiding av endelig planprogram	Haust / vinter 2023-2024
Utarbeiding plan	Fastsetting av planprogram (vedtak og kunngjering)	Vår 2024
	Gjennomføre utgreiingsarbeid (KU og ROS)	Sommar- haust 2024
Politisk handsaming og formell medverknad	Utarbeide planframlegg	Haust-vinter 2024 og 2025
	Planforslag til politisk behandling	Vinter / vår 2025
	Høyring og offentleg ettersyn av planframlegget	Vår / sommar 2025
	Vedtak plan	Haust 2025
	Kunngjering av planframlegg	Haust 2025

Framdrift i planarbeidet kan blant anna bli påverka av registrerings og kartleggingsarbeid i konsekvensutgreiingane.


..



3 KORT PRESENTASJON AV OMRÅDE OG OMGIVNADENE

3.1. Plassering


Planområdet for Områdeplan Skardsdalen er lokalisert ca. 7 km nordaust for Flå sentrum i luftlinje og ligg mellom Sørbølfjell i nordaust og Kristnatten/Turufjell i sør vest.





3.2. Omtale av planområde


Planområde har ein storleik på omlag 10,4 km². Foreslått plangrense omfattar areal i tidlegare reguleringsplan for Skardsdalen som gjennom siste revidering av arealdelen er lagt inn i kommuneplan med båndlegging for regulering etter pbl. med omsynssone namn H710_4. Den omfattar også areal for gjeldande reguleringsplanar for H8 Skardsdalen og H12 Skardsdalen. Mot nord vest er plangrensa lagt i plangrense mot områdeplan Turufjell, i tillegg er areal på gbnr 9/3 som ikkje er omfatta av reguleringsplan teke med. Skianlegget og felta lengst sør i Skardsdalen er ikkje utbygd eller har reguleringsplan.



Plangrense med raud strek på grunnkart med kommuneplanenes arealdel



Areala omfattar det ein tidlegare ville kalla fem grunneigedomar som det er skild ut om lag 300 tomter til fritidsbusetnad. Grunneigedomane har gbnr. 9/9, 9/3, 8/1 og sameige Turufjell og sameige Sørbølfjell. Fritidsbusetnaden ligg i hovudsak i botn av dalen og opp i Damtjernhallin.



Plangrense med raud strek på ortofoto frå kommunekart.com

Planområde ligg i øvre del av Skardsdalen med tilkomst frå Rv.7 ved Gulsvik, det er om lag 10 km inn. Turufjell og Kristnatten avgrensar dalen mot sørvest og Sørbølfjell mot nordaust. Dei lågaste delane av terrenget ligg på om lag 680 moh. Medan arealet opp mot Kristnatten når opp mot 1050 moh, på andre sida av dalen opp mot Sørbølfell ligg øvre delar av avsett skianlegg på om lag 1240 moh.



3.3. Omtale av omgjevnadene



Bilete syner eksisterande utbygging i Damtjernhallin

Skardsdalen plassera seg i den øvre delen av landskapsregionen «skogtraktene på Østlandet». I NIN-systemet er staden angitt til innlandsdallandskap som eit opent dallandskap under skoggrensa. Dalen er vid og open med ein gradvis overgang til dei omkringliggende fjella; Turufjell, Kristnatten og Sørbølfjell. Innan avgrensinga for plan ligg det to større tjern; Damtjern og Svangtjernet i tillegg til mindre samlingar av vatn i samband med myr. Gjennom dalen renn elva Skardselvi som har sitt utspring i Damtjern.

Skoggrensa ligg på omlag 1000 meter, dei områda som ikkje er dominert av tjern, myr, vassdrag, bratte skrentar eller busetnad er stort sett skogkledd. Staden per preg av menneskeleg påverking i form av fritidsbusetnad og teknisk infrastruktur. Mykje av fritidsbusetnaden ligg spreidd, med nokre få områder som ber preg av å vere hyttefelt. Mykje av bygningsmassen har innlagt vatn frå eige kjelde og er kopla mot spreidde avlaupsanlegg eller felles anlegg.

Området opnar opp for utandørsaktivitetar til alle årstider, med trakka skiløyper på vinteren som knyter seg opp mot eit større nett av løyper og stigar og andre turmogleigheter resten av året. Ved etablering av veg mot Turufjell i sørvest vil også tilbod rundt alpin- og sykkelaktivitetar ligge innan kort rekkevidde.



Bilete frå Damtjernhallin med Damtjern



Bilete frå Olaseterskardvegen mot Damtjernhallin



4 PLANAR, PREMISSER OG ANDRE FØRINGAR FOR OMRÅDET

4.1. Overordna planer og føringar

4.1.1 Berekraftsmål

I 2015 vedtok FNs generalforsamling 2030-agendaen for berekraftig utvikling, agendaen har 17 utviklingsmål. Måla skal vise veg mot ein berekraftig utvikling på kort og lang sikt. Regjeringa har bestemt at FN sine 17 berekraftsmål skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i utfordringane også i Norge.

4.1.2 Nasjonale og regionale føringar

- Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2019-2033 Meld. St. nr. 18 (2015-2016)
- Friluftsliv - Natur som kilde til helse og livskvalitet
- Den europeiske landskapskonvensjonen.
- Rettleiar om planlegging av fritidsbustader H-2528 N
- Naturmangfoldmeldinga - Natur for livet (2015-2016)
- Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven)
- Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging fra 2017
- H-5/18 Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling.
- Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning
- Regional plan for vannforvaltning i vannregion Vest-Viken 2016-2021
- Forskrift om rammer for vannforvaltningen
- Klima- og miljødepartementets støyretningslinje T-1442/2021
- Regional plan for areal og transport i Buskerud 2018-2035
- Miljøverndepartementets rundskriv T-2/08

4.2. Kommunale føringar

4.2.1 Kommuneplanens samfunnsdel

Kommuneplanenes samfunnsdel 2022-2034 vart vedteke i kommunestyre 15.12.2022. Relevante punkt frå Arealstrategien i planen er:

- Fritidsbebyggelse skal komme innenfor allerede godkjente planer. Flå kommune vil videreføre satsingen på konsentrert utbygging i områdene Høgevarde, Skardsdalen og Turufjell. Eventuell fritidsbebyggelse ut over dette skal være som naturlig fortetting og / eller i tilknytning til etablerte områder der man kan benytte eksisterende infrastruktur.
- Satse på fornybar energi, gjennom for eksempel å legge til rette for bygging av småkraftverk, bruk av solcelleanlegg, tilrettelegge for solcellepark, videre utbygging av fjernvarme, påvirke til mer oppvarming av privat bygningsmasse med bioenergi, etc.
- Jobbe for bedre kollektivdekning med buss og jernbane, og jobbe for at mer transport kan skje uten bruk av bil. Gang og sykkel er positive bidrag også for klima.
- Ved bygging skal det sattes på klimavennlige byggematerialer.
- Mål og tiltak for klima og energi skal følges opp i «Klima- og energiplan for Flå kommune».
- Ta vare på viktige naturverdier og vannmiljø, landskap og kulturminner. Utbygging må skje innenfor tålegrensen til miljøet, samtidig som vi må ha tilstrekkelig med arealer til ønsket utvikling og utbygging.
- Fortetting og bruk av områder som allerede er påvirket av utbygging bør skje før omdisponering av natur. Gjennom revidering av arealdelen må det vurderes hvilke ubebygde områder som fortsatt skal avsettes til framtidig utbygging.
- Følge opp arealstrategi i oppdaterte arealplaner.



4.2.1 Kommuneplanens arealdel


Gjeldande overordna plan for område er *"Arealdelen av kommuneplan for Flå"*, vedtatt 26.05.2016.

Område er regulert til;

- Fritidsbusetnad neverande
- Næringsverksemd neverande
- Idrettsanlegg neverande
- LNF neverande

Omsynssoner i plan er;

- H710_4 Bandlegging for regulering etter pbl.
- Regulering som framleis skal gjelde.
- H370 Høgspenningsanlegg (inkl høgspenkablar).



Biletet viser kommuneplan frå kommunekart.com med planområde som heiltrukken raud strek

4.3. Forhold til gjeldande og tilgrensande reguleringsplan


Planområde grensar opp mot områdeplan for Turufjell PLID 2016004, vedtatt 17.08.2017

Innanfor planområdet finn ein; Reguleringsplan for Damtjernhallin hyttefelt PLID 2005001, vedtatt 29.03.2006.

Reguleringsplan for felt H8-Skardsdalen PLID 2000002, vedtatt 05.04.2000.

Bebyggelsesplan felt H12 Skardsdalen PLID 1999001, vedtatt 07.03.1999

I alle fire planane omfattar arealbruken tomter til fritidsbusetnad og tilhøyrande aktivitets- og teknisk infrastruktur.



Biletet viser reguleringsplan frå kommunekart.com med planområde som heiltrukken raud strek



5 METODE KONSEKVENSUTGREIING (KU)


5.1. Metode for konsekvensutgreiing (KU)

Konsekvensutgreiinga bygger på metoden til Miljødirektoratets digitale rettleiar om konsekvensutgreiingar for klima- og miljøtema (M-1941),

Metoden er for det meste delte inn i 9 steg:

1. Beskriv alternativa (0-alternativ og planlagde tiltak) som skal KU-vurderast.
2. Avgrens utredningsområde (influensområde) for fagtemaet.
3. Beskriv området i høve til utgreiingstema.
4. Ev. inndeling i delområde og temarelevant omtale av delområda.
5. Sett verdi i kvart (del-)område - vurdere kor stor betydning eit område/miljø har. Angi ein verdikategori og vurder plassering innanfor kategorien.
6. Vurder påverking for kvart (del-)område får som følge av planlagt tiltak. Dvs. om området blir forbetra/forrингa i høve til referansealternativet (0-alternativet). Dette blir gjort for kvart alternativ.
7. Vurder konsekvens for kvart (del-)område. Konsekvens kjem fram ved å samanstille verdi og påverking for kvart tema. Konsekvensgrad blir synt i ei konsekvensvifte.
8. Beskriving av skadereduserande tiltak.
9. Vektning av KU-tema og vurdering av samla konsekvens for alternativa.

Innanfor kvart tema vil det bli definert et influensområdet som avgrensar omfanget for utgreiinga. Avgrensinga vil variere for kvart utgreiingstema.



Konsekvensvift; Konsekvensgrad finn ein ved å samanstille verdi og påverking. Henta frå M-1941.

..



..

Skala	Konsekvensgrad	Forklaring
---	Svært alvorlig miljøskade	Den mest alvorlige miljøskaden som kan oppnås for området. Gjelder kun for områder med stor eller svært stor verdi.
--	Alvorlig miljøskade	Alvorlig miljøskade for området
-	Betydelig miljøskade	Betydelig miljøskade for området
-	Noe miljøskade	Noe miljøskade for området
0	Ubetydelig miljøskade	Ingen eller ubetydelig miljøskade for området
+//+	Noe miljøforbedring. Betydelig miljøforbedring	Miljøgevinst for området. Noe forbedring (+) eller betydelig forbedring (++)
+++/++++	Stor miljøforbedring. Svært stor miljøforbedring	Stor miljøgevinst for området. Stor (++) eller svært stor (++) forbedring. Benyttes i hovedsak der områder med ubetydelig eller noe verdi får en svært stor verdiökning som følge av tiltaket

Skala og rettleiing for konsekvensutgreiing. Henta frå M-1941.

Konsekvens blir angitt på ein skala frå «svært stor miljøforbedring» til «svært alvorlig miljøskade» synt i figuren over). Konsekvensar for kvart utgreiingstema blir sett saman og gitt ei samla vurdering for heile planframlegget.

For dei tema der det ikkje blir henta inn ny kunnskap eller ekstern uttale er datagrunnlaget basert på kjent kunnskap i form av databasar (kartinnsynsløsninger som www.nve.no, www.naturbase.no, <http://artskart.artsdatabanken.no/>, http://www.skogoglandskap.no/kart/kart_mis).

6 VURDERINGS- OG AVGJERINGSRELEVANTE TEMA FOR PLANOMTALE OG KONSEKVENSTUTGREIING

Utover ROS-analyse/sjekkliste etter DSBs mal og oppsett som baserer seg på føreleggane kunnskap og kjelder samt utdrag frå naudsynte avklaringar og utgreiingar utført i samband med planarbeidet, kan det erfaringmessig koma krav om ytterlegare tematiske faglege delutgreiingar. Tematiske delutgreiingar vil følgje planmaterialet som eigne vedlegg og bli oppsummert og konkludert i planomtala med KU. Avbøtande tiltak eller krav til ytterlegare dokumentasjon ved byggesak vert sikra i reguleringsføresegn til planen med bakgrunn i desse.

6.1. KU-tema

Nedanfor er det sett opp ei liste med utgreiingstema. For kvart punkt er det gjort ei kort omtale/vurdering.

Punkt	Utgreiingstema	Vurdering
6.1.1	Naturmangfold	Sjekk i offentlege tilgjengelege databasar syner ingen registrert arter av spesiell interesse, viktige naturtypar eller anna viktig naturmangfold innanfor planområdet eller i nær tilknyting til planområdet. (www.artsdatabanken.no , www.nibio.kilden.no).

..



..

		Planområde må undersøkast og registrerast for viktig naturmangfold. Om areal innanfor planområde er ein del av influensområde for artar utanfor område skal desse og vurderast.
6.1.2	Landskap	Det må gjerast greie for korleis landskapsbiletet vert påverka. Planen må gje føringar for korleis arkitektur og landskap skal handsamast for å gje gode kvalitetar og samspel med omgjevnaden og dei som brukar staden gjennom 3D digitaliseringsverktøy og illustrasjonar.
6.1.3	Kulturminne og kulturmiljø	Kulturminnelova §9 stiller krav om undersøkingsplikt. Fylkeskommunen blir varsla ved oppstart, dei avgjer omfanget for arkeologiske undersøkingar.
6.1.4	Friluftsliv	Høve til og påverknad på tilgrensande friluftsområde må det gjerast greie for. Planen må syne korleis friluftsområda blir påverka og korleis ein tar omsyn til friluftsområda og forbindelsar til desse. Behov for avbøtande tiltak skal vurderast.
6.1.5	Forureining og klimagassutslepp	Planlagt tiltak kan generere støy. Planområde ligg ikkje langs eller i nærleiken av veger med stor trafikk. Støyhøva må omtala og vurderast. Utbygginga må halde seg til Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2021).
6.1.6	Vassmiljø	Myr innanfor område, samt Damtjern og Skardselvi med tilgrensande bekkestrengar må avklarast som vassressursar og det må gjerast ei vurdering etter forskrift om rammer for vassforvaltning.
6.1.7	Økosystemtenester	Økosystemtenester er gode og tenester som vi får frå naturen. Slike gode kan omfatte økofunksjonssystem i naturen, regulerande tenester, forsynande tenester og opplevingstenester. Temaet blir vurdert gjennom KU-tema naturmangfold, friluftsliv og jordressursar. Det fanges også opp i fleire ROS-tema.

6.2. Andre tema i planomtala

Nedanfor er det sett opp ei liste med utgreiingstema. For kvart punkt er det gjort ei kort omtale/vurdering.

Punkt	Utgreiingstema	Vurdering
6.2.1	Trafikk	Område har tilkomst frå Rv.7 ved Gulsvik, det er om lag 10 km langs Skardsdalsvegen inn til planområde. Vurdering av internvegar sett i høve til framkome, stigningshøve og trafikktryggleik blir viktig i vidare arbeid. De trafikale høva og belastning på eksisterande vegnett og riksvegen må vurderast og gjerast greie for.
6.2.2	Flom	Aktsemdkart til NVE syner flaumfare innan plangrensa mot Damtjern og Skardselvi med sidestrengar. Høve rundt flaum må gjerast greie for i planframlegg.
6.2.3	Skred	Aktsemdkart til NVE syner skredfare frå nord- og sørsida av dalen inn mot område både for snøskred, steinsprang og jord- og flomskred. Høve rundt skred må gjerast greie for i planframlegg.
6.2.4	Plan for vann-, avløps- og overvasshandtering	Eksisterande fritidsbustader er knytt mot felles avlaupsanlegg eller eigne spreidde anlegg. Eksisterande og nye einingar søker ein å knytte mot kommunalt anlegg i Turufjell. Høve rundt vatn- og avlaupsanlegg må det gjerast greie for i planframlegg.
6.2.5	Avfallshandtering	Det vert lagt opp til å nytte eksisterande returpunkt. Høve rundt avfallshandtering må det gjerast greie for i planframlegg.

..



..

6.2.6	Endring av arealbruk	Gjennom planarbeidet må det utgriast kva konsekvensar endring av arealbruk vil føre til på overordna nivå, for miljø og samfunn og om området er eigna til føremålet. Vurderinga må gjerast opp mot nasjonale, regionale og lokale føringar og retningslinjer, og på bakgrunn av eksisterande kunnskap.
6.2.7	Nasjonalt og internasjonalt fastsette miljømål	FNs berekraftsmål omfattar fleire ulike miljømål. Planlagt tiltak omfattar etablering av areal til fritidsbusetnad og aktivitetsinfrastruktur knytt til dette. Korleis planen steller seg i høve til berekraftsmåla vil bli omtalt i planen. Fleire miljømål blir fanga opp via andre utgrieingstema.
6.2.8	Transportbehov, energiforbruk og energiløysingar	Område har tilkomst frå Rv.7 ved Gulsvik, det er om lag 10 km langs Skardsdalsvegen inn til planområde. Vurdering av internvegar sett i høve til framkome, stigningshøve og trafikktryggleik blir viktig i vidare arbeid. Dei transportbehov og dei trafikale høva/belastning på eksisterande vegnett og riksvegen må vurderast og gjerast greie for. Reguleringsplanen kan legge føringar for oppvarmingssystem i den utstrekning lov og forskrift gjer opning for. Høve rundt klima og energi må omtalast i plan.
6.2.9	Beredskap og ulykkesrisiko	Område ligg innanfor aktsemdområde for flaum og skred. Planlagt tiltak fører til tungtrafikk i gjennomføringsfase, tilkomst og trafikktryggleik må vurderast. Det same må høve rundt brann, flaum, skred og andre hendingar.
6.2.10	Verkingar som følge av klimaendringar, deriblant risiko ved havnivåstiging, stormflo, flaum og skred	Aktsemdkart til NVE syner flaumfare innan plangrensa mot Damtjern og Skardselvi med sidestrengar. Aktsemdkart syner også skredfare frå nord- og sørsida av dalen inn mot område både for snøskred, steinsprang og jord- og flaumskred. Høve rundt flaum og skred må gjerast greie for i planframlegget
6.2.11	Befolkinga si helse og helsa si fordeling i befolkninga	Planlagt tiltak vil legge til rette for rekreasjon og aktivitet på fritida. Korleis dette kan påverke folk si helse må utgriast i planframlegget.
6.2.12	Tilgjenge for alle til uteområde og gang- og sykkelvegnett	Det må lagast grunnleggande føresegr om funksjonskrav, der høve rundt universell utforming skal omfattast i den utstrekning lov og forskrift tillåt det.
6.2.13	Barn og unges oppvekstvilkår	Høve for barn og unge skal omtalast i planen. Det skal gjerast greie for dagens situasjon og for kva konsekvensar planforslaget vil føre til for barn- og unge.
6.2.14	Bebyggingse og anlegg	Plassering av område for nye fritidsbustader og plassering av nye fritidsbustadomter, type bustader/formål og høve til eksisterande fritidsbustader innan plan må vurderast.
6.2.15	Arkitektonisk og estetisk utforming, uttrykk og kvalitet.	Planområde vil tilretteleggast for fritidsbustader og føresegner må gje føringar slik at busetnaden får god arkitektonisk og estetisk utforming slik at bygningar og andre anlegg framstår med god kvalitet og godt tilpassa staden.

..



7 ROS-ANALYSE

7.1. Metode for risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)

Med planen skal det gjerast ei risiko og sårbarheitsanalyse der ein tek ein gjennomgang på kva forhold i planen som kan medføre risiko for uønskte hendingar og kan vere ein fare for menneske, miljø og materielle verdiar. Analysa skal ligge til grunn for både førebygging av uønskte hendingar og førebuing for handtering av uønskte hendingar. Analyse vil følgje mal til Hemsedal kommune.

ROS-analysa vil bygge på metodikken til NS 5814:2008 og Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) sin rettleiar om Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging frå 2017.

Metoden i rettleiaren går gjennom følgande trinn:

1. Beskrive planområdet og planlagde tiltak
2. Identifisere moglege uønskt hending
3. Vurdere risiko og sårbarheit (sannsyn/konsekvens/usikkerheit)
4. Identifisere tiltak for å redusere risiko og sårbarheit
5. Dokumentere analysa og korleis den påverkar planframlegg

Ved identifisering av uønskt hending blir tabell frå DSB sin rettleiar nytta.

8 VEDLEGG

- Kart med førebels plangrense

..:_____.: